



Slik slutta reinlenderen for tenor og leiar av Røysterett for alle - Lars Henrik Skogtun frå Herøysund! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Svein Rimestad, busett på Korsnes i Uskedalen, er veterinær til dagleg men er og ein dyktig tekstforfattar. Han hadde skreve 4 tekstar i syklusen som Røysterett for alle framførte på Husnes torsdag kveld og ein av dei heitte Reinlender på Herøysundmåtten. Maria Malmsten hadde komponert også denne spreke dansen. Her er teksten:

*I Herøysund dansar dei på rett så mange måtar
ta ein kikk, så finn du ut
at dette med golv plass, og om skorne er som flåtar
tel for dros og Tveitegut.
Stega går, sjå opp, du katt og elghund,
tukk deg, så svansen ikkje går heilt med.
Finslegdomen gjeld 'kje i ei slik stund,
runddansen går, her får ein ikkje fred.*

*Det lyser i grendahuset, omen ber så vida,
glas doggar, berre sjå*

*at nokre lyt kjøla seg, fer ut og nyttar tida,
her er annan kveik å få.*

*Spelet går så folket reint må teva;
drivet i spelet byrjar røyna på.*

*Men det er jo grådig kjekt å leva
heim att vil ingen herøysundar gå.*

*Sjå klokka vert langt på natt, det lakkar no med festen,
folk fer heim på ymse vis.*

*Ho Magnhild og Tveiteguten går på sokkelesten;
skorne gnog, alt har sin pris.*

Heime ventar Nike stilt i tunet:

'Matfar han tek så snåle steg i natt

- Trur me ventar på den rette une

før me tek turen ut i marka att'